

Det kongelige energidepartement

Dato	14.03.2025
Vår referanse	2024/63206-6
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Audun Erik Gisle Sunde
E-post	Audun.Erik.Gisle.Sunde@vlfk.no
Telefon	91645874

Svar på høyring av strategisk konsekvensutgreiing for Sørvest F, Vestavind B og Vestavind F

Vi har tidlegare bedt om utsett frist for å rekke politisk handsaming 14. mars 2025. Vi fekk per e-post 17. februar svar om at dette var greitt. Sidan høyringsportalen no er stengt, sender vi vår fråsegn på denne måten. Vi håper fråsegna vert lagt inn i systemet, slik at den vert synleg saman med dei andre innspela.

Fylkesutvalet Vestland fylkeskommune vedtok i dag følgjande fråsegn i sak PS 68/2025.

«1. Vestland fylkeskommune meiner det er klokt å leggje kunnskap og interesseavveging til grunn for utlysing av område til havvindproduksjon. Samstundes er det, gitt at vi ser føre oss at dette skal bli ei viktig norsk næring, eit sjølvstendig poeng å lyse ut areal stort og raskt nok til at næringsliv, lokale og regionale myndigheiter og andre sentrale interessentar finn grunnlag for å satse på havvindnæringa.

2. Strategisk konsekvensutgreiing syner at den sør-austre delen Vestavind B er best teknisk og økonomisk eigna for havvind, at området kan vere aktuelt for opning og utlysing i 2025, men at dette truleg krev omfattande dialog og forhandlingar med eksisterande lisenshavarar. Vestland fylkeskommune oppmodar om at denne dialogen vert starta så raskt som mogleg, fortrinnsvis med mål om snarleg opning av denne delen av Vestavind B.

3. Vestland fylkeskommune rår til å definere Vestavind B som eit pilotprosjekt med tanke på å utvikle metodikk og beste praksis for tilrettelegging for fleirbruk av marine område, noko som også vil vere relevant i lys av rapporten «Næringsplan for norske havområder». Snarleg start av eit slikt arbeid vil truleg ha verdi sjølv om dette området ikkje skulle bli opna no i første runde.

4. Kraftsituasjonen i Bergensområdet er anstrengt. Elektrifisering av sokkelen er medverkande til dette. Vestland fylkeskommune oppmodar om å prioritere utlysing av havvindområde utanfor fylket.

5. Fylkeskommunen har forvaltingsansvar etter kulturminnelova frå land og 24 nautiske mil ut frå grunnlinja. Delar av Vestavind B og Vestavind F ligg innanfor Vestland fylke og innanfor 24 nautiske mil. Fylkeskommunen må ta atterhald om at der er eit avgrensa datagrunnlag tilgjengeleg og må ta høgde for at det kan vere fleire kulturminne i områda enn kva som går fram av fagrapportane, då spesielt med tanke på skipsvrak.»

Fråseigna vart vedteken med 14 mot 3 røyster. Protokoll frå møtet vil snart liggje føre på denne sida https://prod01.elementscloud.no/publikum/821311632_PROD-821311632/DmbMeeting/674.

Med helsing

Audun Erik Gisle Sunde
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift